

**Orientering om prosjektsøknad til *Forskningsmidler for jordbruk og matindustri (tidlegare FFL/JA Fondet for forskningsmidlar i landbruket/Jordbruksavtalemidlar)* som det vert arbeidd med, og førebels førespurnad om økonomisk medverknad for å dekka inn kravet om minimum 20% medverknad i finansiering frå næring og region**

Til Utlysning av midler til kompetanseprosjekt for næringslivet (KPN) fra *Forskningsmidlene for jordbruk og matindustri (tidl. FFL/JA)* med oppstart i 2016 med frist for å senda skissesøknad innan 06.05.15 vart det frå Bioforsk i eit samarbeid mellom fleire einingar sendt ein skissesøknad med førebels tittel **Fornyng av langvarig eng sett i produksjons-, klima- og kostnadsperspektiv**, sjå vedlegg. Den innsende skissa er av dei som vart invitert til å senda inn fullstendig søknad til fristen 09.09.15. Relevans var sterkt vektlagt i vurderinga.

Problemstillinga som vert teke opp i denne skissa er mykje lik det som var i søknaden *Fornyng av eng med eller utan pløyning sett i produksjons- og klimaperspektiv* som vart fremja i 2014 og som de støtta, men som ikkje vart innvilga. Søknaden fekk god fagleg vurdering. Vinklinga no er litt endra, med større fokus på fornying av eng, prøvd ut i feltforsøk ulike stader, men der dei langvarige forsøka på Særheim og Fureneset også er ein sentral del av forsøka og prosjektet. Desse felta vil verta tilpassa fleire nye problemstillingar samstundes som ein beheld sentrale spørsmål slik at ein held kontinuiteten og kan sjå dette i lengre perspektiv. Det er aktuelt m.a. ut frå at klima endrar seg når ein ser det i perspektiv over fleire 10-år (jfr. felta etablerte om lag 1970); nedbørsmengda aukar og varmesummen aukar. Spørsmål knytt til moldinnhald/totalkarbon i jord avhengig av driftsomlaup har også interesse.

Arealproduktiviteten i engdyrkinga er eit svært sentralt spørsmål, og sameleis kva det kostar å produsera grovføret. Avlingsnivået er viktig å fokusera på så vel ved kortvarig som ved langvarig eng, sameleis korleis ein kan gjera fornyinga av eng på ein best mogeleg måte med mål om langvarig effekt.

Det eksperimentelle i prosjektet vil omfatta både nye feltforsøk med engfornyng lagt ut i samarbeid med Norsk landbruksrådgiving og registreringar som vert gjort i eng, nye feltforsøk lagt ut på stasjonane til NIBIO (Særheim, Fureneset, Tjøtta, evt. andre) og dei langvarige felta som ligg på Særheim og Fureneset. Det vil vera samarbeid med NIBIO plantehelse på Ås om problemstillingar knytt til ugras og ugraskamp og plantesosiologisk utvikling. Her vil ein også kunna ha nytte av forskingsprosjekt som alt er i gang, og som kan komplementera på einskilde område.

Søknader til *Forskningsmidlene for jordbruk og matindustri* som KPN har eit krav om minst 20 % medfinansiering frå næring og næringstilknytta verksemder i landbruket/leverandørar til landbruket av driftsmiddel og utstyr, og region der problemstillinga har relevans i produksjons - og andre samanhengar.

Vi tek kontakt for å høyra om medverknad og medfinansiering av posjektsøknaden. Vi har prøvd å leggja vekt på å få medverknad frå leverandørar til landbruket av driftsmiddel og utstyr, og har prøvd å få til avklaringar m.o.t. å nyttja basismidlar til *Langvarige tidsseriar* kan reknast med til publisering og formidling sist i prosjektperioden. Såleis er det her vonleg ein "overkomeleg" sum vi spør FMLA og fylkeskommunane om å medverka med, og som vi vonar at flest mogeleg av dei vi legg dette fram for finn grunnar og rom for å vera med. Ut frå føreliggjande situasjon, både med omsyn til at det er utfordringar knytt til mykje gamal- og mykje langvarig eng i Sogn og Fjordane og utfordringar knytt til situasjonen for Fureneset, finn vi det rett å retta førespurnad om ein litt høgare sum i årleg medverknad frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune enn frå dei andre fylkeskommunane på Vestlandet. Summen som vi ser aktuell å spørja om frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune er om lag kr. 75000,- pr år i fire år f.o.m. 2016, og kr. 50.000,- i 2020 då prosjektet skal vera sluttført ved

utgangen av 1.tertial. Vi har også teke tilsvarende kontakt til landbruksnæringa ved Samarbeidsråda i landbruket, til såvarefirma, kalkleverandørar og maskin-/utstyrslverandørar.

Det er jord- og klimatilhøve på Vestlandet som gjer det meir utfordrande med engfornying enn elles , dertil helling og arronderingsmessige tilhøve. Problemstillinga i denne prosjektsøknaden har sterkt relevans for det grovfôrbaserte landbruket på Vestlandet, men også for store deler av Nord-Noreg. Dei tre fylka på nordvestlandet produserer om lag 320mill liter mjølk (2014) og som utgjer om lag 21% av mjølkeproduksjonen i Noreg. Landsdelen står for om lag 20% av grovfôrbasert kjøtproduksjon. Grovfôrarealet svarar til 20% av grovfôrarealet i landet, og 95% av jordbruksarealet i dei tre fylka (H, SF,MR). Sogn og Fjordane og nordvestlandet har dei seinaste åra hatt nedgang i landbruksareal i eit større tempo enn resten av landet. Problemstillingane som det vert fokusert på i prosjektsøknaden (jfr. delmål) samsvarar bra med regionalpolitiske mål for landbruket.

Det er krevjande å konkurrera om nasjonale FoU-moidlar. Prosjektsøknaden som vart sendt i 2014 med mykje samanfallande tema fekk god evaluering. Vi vil endra på punkt som vart ”påpeika” i evalueringa. Temaet i søknadsskissa samsvarar godt med stikkorda/problemstillingane m.o.t. tema i utlysinga av midlar under *Forskningsmidler for jordbruk og matindustri*. Oppslutnad om - og støtte til prosjektsøknader frå næring og region er ting som vert vektlagt.

Førespurnaden om medverknad til Rogaland Fylkeskommune, Hordaland Fylkeskommune og Møre og Romsdal Fylkeskommune er ordna som eit fellesbrev for NIBIO stasjonane Særheim og Fureneset. For Nord-Noreg vert dette ordna ved kontakt frå NIBIO stasjonen Tjøtta.

For mange av dykk som mottekk denne førespurnaden har de kjennskap til at denne problemstillinga ville verta fremja som skisse og søknad til FFL/JA om utlysinga låg til rette for det. Vi viser då til samrådsmøte i Bergen 04.03.15 mellom Bioforsk, FMLA i fylka på Nord- Vestlandet og Samarbeidsrådet for landbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane, og til svar til dykk som støtta søknaden i 2014 då vi straks på nyåret sa frå om at søknaden ikkje var innvilga då men at vi ville vurdera ny framstøyt om utlysinga i 2015 la til rette for det.

Om mogeleg ber vi om ei førebels tilbakemelding innan 3.august. Vi er også interesserte i tilbakemeldingar med punkt som gjeld fagleg innhald/problemstillingar. Treng de meir opplysningsar gjer då vel og ta kontakt attende.

Søknadsfristen til Noregs Forskningsråd for *Forskningsmidlene for jordbruk og matindustri* er 09.09.15.

Med helsing

Samson L Øpstad

Forskar/avdelingsleiar  
NIBIO Fureneset  
6967 Hellevik i Fjaler  
Telefon 40621871  
samson.opstad@NIBIO.no;